



**NGIB**  
**Brannforebyggjande avdeling**  
5914 ISDALSTØ

TELEFON 56 37 50 00  
TELEFAKS 56 37 51 09

06-June-2014

Arkiv: 2014  
Saksmappe: 2  
Sakshandsamar: Frode Langeland  
Dato: 19.05.2014

Meland Kommune  
Postboks 79  
5906 Frekhaug

## TILSYNSRAPPORT

### Vestbygd Skule

I medhald av "Brann og eksplosjonsvernloven" av 14.06.2002, § 13, med tilhøyrande "forskrift om brannforebyggende tiltak og tilsyn" av 26.06.2002, (Førebyggandeforskrifta, FOBTOT) samt "Forskrift om systematisk Helse, Miljø og Sikkerhetsarbeid i virksomheter" (HMS-forskrifta) av 01.01.1997, vart det utført tilsyn ved:

Objekt	Type objekt	Objekt id	Gnr/bnr
Vestbygd Skule	A40	22	Holmefeltet

Adresse	Postnummer	Stad
0	5918	Frekhaug

Eigar: Meland kommune	Førre tilsyn	Dato gjennomført tilsyn
	06.11.2012	06.05.2014

**For objektet/verksemda møte:**  
**Brannvernleiar:** Rolf Inge Fyllingsnes  
**Eigar:** Erik Knag Johannesen  
**Verksemd:** Ragnar Hopland

**Frå tilsynsmyndigheit møte:**  
**Branninspektør:** Frode Langeland

#### TILBAKEMELDING

Det skal gjevast tilbakemelding frå eigar/brukar i form av innlevering av  
eigenmelding  
Sjå siste del av rapporten.

**Brannvernleiar sender kopi til eigar, brukarar og verneombod**

## **Innleiing**

Formålet med tilsynet er å vurdere om eigar og verksemda arbeider systematisk med branntryggleiken. Det vert lagt vekt på områder som er omtala i Internkontrollforskrifta § 5 og Førebyggjande forskrifta kap. 2 og 3. Formålet er og å få eit inntrykk av korleis internkontrollarbeidet vert administrert og praktisert ved verksemda.

Eigar/brukar har gjeve tilfredstillande tilbakemelding på tidlegare tilsynsrapportar, avvika som er nemnd i rapporten, datert 06.11.2012 er nå lukka.

Tilsynet i år vart gjennomført som tematilsyn vedkommande branndokumentasjonen, det vart ikkje registrert avvik.

Tilsynsmyndigheten vil spesielt framheva at bedrifta har eit godt forankra eigenkontrollsystem på brannvernområdet, basert på risikovurdering. Utarbeid risikovurdering danner grunnlag for gode rutiner, for ettersyn og vedlikehald/brannvernrunder, øving og opplæring samt målsetjing innan førebyggjande brannvern. I tillegg har ein utarbeid overordna HMS-mål, og delmål for brannvernarbeidet.

NGIB har eit særst godt inntrykk av at brannvernarbeidet ved skulen vert teke seriøst, og at eigar og brukar syner god forståing for viktigheita av dette arbeidet.

Med bakgrunn i ovannemde tilråd tilsynsmyndigheten at brukar/eigar kan nytta eigenmelding ved neste års tilsyn 2015, dette innebær at verksemda sjølve skal vurdere si eigen brannssikkerhet.

Forskriften gjev adgang til at tilsynet kan erstattast med objekteigars eigenkontroll etter eige kontrollsystem, jf. Brann- og eksplosjonsvernloven av 26. juni 2002 med tilhørande Forskrift om Brannforebyggjande tiltak og tilsyn § 6-2 og 6-3, samt etter Forskrift om systematisk helse-,miljø- og sikkerhetsarbeid i verksemdar.

## **Forutsetningar for egenmelding**

- Tilsynsrapport frå siste tilsyn er utan avvik frå brannssikkerhetskrava, herunder eventuelle krav til ytterligare sikringstiltak.
- Internkontroll på brannvernområdet fungerer som forutsett.
- Det er stabile eigar- og brukarforhold.
- At det ikke er oppstått andre forhold som endrer brannrisikoforholda i objektet, for eksempel ombyggingar eller bruksendringar.

Sjølv om brannvesenet har gitt objekteier tilbud om å benytte egenmelding, kan tilsynsmyndigheten likevel gjennomføra ordinært tilsyn hvis det viser seg at vesentlige forutsetningar er endret.

Verksemda skal sjølv foreta ein vurdering av sitt systematiske brannvernarbeid ved bedrifta, og sende vurderinga tilbake til brannvesenet.

Eigenmeldinga er lagt opp med spørsmål for å kontrollere at personsikkerheita og den generelle brannssikkerheita i verksemda er ivaretatt, og skal gjenspeile status av eige internkontrollsystem for brannvernet i objektet. Eigenmelding er like forpliktande som eit ordinært tilsyn.

Avdekkast det merknader/ avvik i medhald til forskriftas minimumskrav ved utfylling av skjema, må det settes opp ein framdriftsplan med nødvendige tiltak for korleis dette er tenkt retta.

(Framdrift/tiltaksplan skal leggst ved det utfylte eigenmeldingsskjemaet).

Brannvesenet anbefaler at ansvarlig person i verksemda og verneombod samarbeider om utfyllinga av skjemaet.

Det er ansvarlig person for verksemda som har ansvar for at tilsyn som eigenmelding blir gjennomført.

NGIB har utarbeid eit standard skjema for eigenmelding som skal nyttast, dette vert sendt ut saman med denne tilsynsrapporten.

Skjemaet skal sendast brannvernleder for det enkelte objektet, manglande tilbakemelding innebærer at ordinært tilsyn må gjennomføres.

Vidare gjer ein merksam på at dette branntilsynet ikkje er ein fullstendig kontroll, og at nemnde avvik og merknader (feil og manglar) ikkje er utfyllande. Det er eigar av brannobjektet si plikt å syte for at brannobjektet er bygd, utstyrt og vedlikehalde i samsvar med gjeldande lover og forskrifter, om førebygging av brann. Jfr FOBTOT §2-1.

#### DEFINISJONAR

<b>Avvik:</b>	Å overtre krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitslovgjevinga.
<b>Avvik frå:</b>	Heimel i brann og eksplosjonsvern lova, førebyggjande forskrifta og HMS-forskrifta.
<b>Kommentar:</b>	Utfyllande opplysningar om avvik eller opplysningar som kan vera nyttig for mottakar.
<b>Merknad:</b>	Eit forhold tilsynsetaten meiner det er nødvendig å peike på for å ivareta Helse, Miljø og Tryggleik, som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik.

#### MERKNADER

- Rømmingsskilt i korridor (tilbygg) vert flytta.

**KRAV OM YTTERLEGARE SIKRINGSTILTAK OG BEREDSKAP** Brannvernlova § 14  
Tilsynet avdekte ikkje forhold som krev ytterlegare tryggingstiltak eller beredskap utover kva som er angitt i Førebyggjandeforskrifta Kap 2, 3 og 4 jamfør brannvernlova § 14.

## OPPSUMMERING

Dersom det er avvik, kommentarar eller merknader i rapporten som De ikkje finn i samsvar med tilstanden i bygget eller verksemda er, ber vi dykk om å skrive dette i tilbakemeldinga. Treng De råd eller hjelp, ta kontakt med NGIB førebyggjande avdeling på Telefon 56 37 56 91. For meir informasjon om tilsynet eller avvika som er peika på, sjå rettleiinga til "Forskrift om forebyggende tiltak og tilsyn", ([www.dsb.no](http://www.dsb.no))

**Tilbakemeldinga skal sendast:  
NGIB Førebyggjande avdeling  
Dokumentsenteret,  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ**

**Tilsyn for 2015 vert gjennomført ved utfylling/ innsending av eigenmelding**

Med førebyggjande helsing

**Brannsjef  
i  
Lindås og Meland kommunar**

**Nordhordland og Gulen interkommunale  
brannførebyggjande avdeling  
N G I B**

  
Karl Johannes Romarheim

\_\_\_\_\_  
Frode Langeland